



Vikariat som allmennlege

Helse, Austrheim kommune

Søk på stillinga 

I løpet av 2024 og 2025 skal fleire av våre legar ut i utdanningspermisjon og foreldrepermisjon. Vi søker derfor etter ein fagleg dyktig vikarlege som kan vera med i vårt team ved Austrheim legekontor i 1,5-2 år. Som kommunalt tilsett fastlege vil ein ha avtale om fastlønn.

Austrheim legekontor er det einaste legekantoret i kommunen. Det består av fire fastlegar, der ein er spesialist i allmenmedisin og tre er i eit spesialiseringsløp (ALIS). Det er også LIS 1 ved kontoret og medisinstudentar i rotasjon fleire gonger i året. Austrheim kommune er godkjend utdanningsverksemd i allmenmedisin. Vi bruker Infodoc som journalsystem.

Vi har helsesekretær og sjukepleiarar som hjelpepersonell ved kontoret. Fagleg utvikling og tett samarbeid mellom alle på kontoret er prioritert, mellom anna gjennom faste fagmøte. Det er også lagt tilrette for at alle ved kontoret får gjevneleg kurs og kompetanseheving.

Austrheim legekantor er eit kommunalt drevet legekantor med ansvar for heile legetenesta i kommunen, både helsestasjon, sjukeheim og legevakt på dagtid. Vi har samarbeid med Nordhordland legevakt om legevaktsteneste på kveld, natt og helg. Vikarlege vil også være pliktig til å delta i denne ordninga med ca. 2 vakter/mnd. På dagtid rykker vi ved behov ut fra kontoret med vår eigne legebil, alltid i fylge av ein sjukepleiar som er godt kjent i området. Våre pasienter sokner til Haraldsplass sjukehus, med visse unntak.

Vikarlegen vil i utgangspunktet fylgje opp lista til fastlege som er i permisjon, men det er godt samarbeid med å dekke kvarandre sine pasientar ved behov.

Gjennom Austrheimmodellen kan kommunen tilby varierte økonomiske ordningar og tiltak for rekruttering av personar til særskilde yrke, både høgskuleutdanna og fagarbeidarar i stillingar der det er ein krevjande marknad (Austrheimmodellen - Stipend, rekruttering og tilsettordningar)

 Søknadsfrist:	06.10.2023	 Stillingar:	1
 Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	 Heiltid / Deltid:	Heiltid
 Stad:	Austrheim,	 Tilsetjingsfor...:	Vikar
 Stillingstittel:	Allmennlege - vikariat	 Stillingsprose...:	100
 Webcruiter-ID:	4708412827		
 Startdato:	01.01.2024		
 Sosial deling :	   		

Arbeidsoppgåver

- Ansvar for listepasientar på ei fellesliste for kontoret
- Fellesansvar for daglegevakt
- Deltakarplikt i interkommunal legevakt
- Offentlege helseoppgåver som kan vera tilsynslege ved sjukeheimen, helsestasjonslege, rettleiing av LIS1 lege og legestudent, andre oppgåver

Kvalifikasjonar

- Godkjent norsk autorisasjon som lege
- Fullført LIS1 teneste eller med godkjent tilsvarande teneste av Statens autorisasjonskontor for helsepersonell, som gjer det mogeleg å praktisere som allmennlege
- Har full refusjonsrett i Helfo
- God norskunnskap skrifteleg og munnleg. Språknivå vert vektlagt i tilsetjingsprosessen.
- Gyldig politiattest må leggjast fram før tilsetjing3mnd

Personlege eigenskapar


- Gode samarbeids og kommunikasjonsevner
- Fleksibel og løysningsorientert
- Evne til å jobbe målretta og sjølvstendig, samt trivest med å jobbe i eit fleirfagleg team
- Fagleg engasjert, strukturert og har god arbeidskapasitet

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.

Vi tilbyr

- Arbeidsvilkår etter gjeldande lovar, regler og avtaleverk
- God pensjonsordning, KLP
- Lønn etter avtale
- Dialog om eventuell spesialisering
- Austrheimmodellen - Stipend, rekruttering og tilsettordningar

Sætremarka 2, 5943 Austrheim, Norge



[Opne vegbeskriving](#)

[Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Peter Kubon

Kommuneoverlege

☎ 95779441

✉ peter.kubon@austrheim.kommune.no



Grethe Korsøen

Einingsleiar helse

☎ 47460982

✉ grethe.korsoen@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!



Bruksvilkår Tilgjengelegheitserklæring for Webcruiter